

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017

Anna Elisabeth Sunde la frem arbeidsgruppas forslag til høyring om mobbeombod. Arbeidsgruppa, bestående av Anna Elisabeth Sunde, Julie Langum og Malene Kristine Meidell Alsaker, la fram eit forslag til høyring. Utkastet vart diskutert i plenum i utvalet og vart behandla under møtet.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn følgjande høyringsinnspeil om mobbeombod i Hordaland fylkeskommune til dei politiske partia på fylkestinget:

Mobbeombodet i Hordaland

Barn og unge i Hordaland er som alle barn og unge rundt om i verda. Dei treng veiledning, forståing, trygghet og å bli respektert. Dei treng å bli sett og hørt. Dette er noko mobbeombodet gjer. Dei gjer meir enn berre å lytte, dei handlar. Det å veta at det alltid vil vera nokon som stillar opp gjer dei unge i fylket våra ein tryggheit.

Mobbeombodet løyer ikkje berre enkeltsaker. Dei leiter etter kjernen i mobbing. Kvifor det oppstår, kven som står bak og korleis å forhindre det. Dette arbeidet vil kunne vera med å bidra til færre mobbetilfelle. Dette vil aukar tryggleiken i dei unges kvardag, som vil betre trivselen på skulevegen og i skulen for mange.

Mobbeombodet sin funksjon er å hjelpe med fagkunnskap i ulike store og litt mindre mobbesakar. Dette har vore til stor hjelp for eksempelvis leing ved skular i fylket. Med den informasjonen mobbeombodet har om korleis og kvifor mobbing skjer kan ein lettare førebyggje mobbing. Denne informasjonen kjem gjennom ulike spørjeundersøkingar elevar ved ulike skular svarar på. Desse undersøkingane viser også på kva for nokre studie mobbing oftast skjer. Ved å jobbe med nettmobbing som kan vera vanskeleg å oppdage, spesielt for lærarar eller andre, har mobbeombodet ei viktig rolle. Dette ser ein då nettmobbing er meir utbrett enn tidlegare. Det omfattande arbeidet mobbeombodet har utført i denne prøveperioden har vore essensielt for mange elevar i deira skulekvartdag.

Mobbeombodet jobbar ikkje berre åleine. Saman med dei andre mobbeomboda i landet, ynskjer ein å senke mobbetala på nasjonal basis. Dette gjer at kvar enkelt av mobbeomboda rundt om i landet gjere ikkje berre ein forskjell i sitt eige fylket. Ved å rådgje kvarander, og dele erfaringar i ulike saker kan ein også vera med å gjere ein forskjell andre stader.

Mobbeombodet er med å gjere kvartdagen lettare for fleire. Mobbeombodet vert ein tryggheit, som heiletida kjemper for at ein skal respektere dei ein leve blant. Mobbeombodet har vorte ei røyst for alle dei som ikkje klarar å gje beskjed, dei som ikkje vert teke på alvor, og gjer mot til dei som er involvert i dei ulike mobbesakane.

Mobbeombodet bidreg til betre psykisk helse og større tryggleik for alle i fylket våra. Dette vil utan tvil bidra til å gjere fylket vårt til eit betre fylke å leve i. Ved å forstå verdien av kvarandre, respektere kvarandre og klare å tenkje på andre sine følelsar og situasjonar vil ein kunne byggje eit fellesskap på noko ikkje går an å utnytte eller øydeleggje.

UFU (Ungdommens Fylkesutval) på vegne av UFT (Ungdommens Fylkesting) meiner at mobbeombodet i Hordaland må oppretthaldas slik at ein kan fortsette med å gjere kvartdagen lettare for så mange.